



**REISER TIL USA MED AMERIKAKOFFERT:** Åshild S.F. Thorsen, som er prosjektleiar for Vestnorsk utvandringssenter si utstilling, gler seg til å sjå korleis utstillinga vert tatt i mot i USA. Her med amerikakofferten som skal følgja utstillinga dei neste tre åra.

# Utstilling i New York

Vestnorsk utvandringssenter har laga ei dokumentarisk utstilling som skal stillast ut i Amerika. –Vi er utruleg stolte, seier prosjektleiar Åshild S.F. Thorsen.

**IRENE BRATTENG JENSEN**  
irene.jensen@nordhordland.no

Utstillinga, som har fått namnet «Between Coasts», ser på korleis emigrantar frå Vestlandet har forma sin identitet i USA.

– Kva førestellingar har ein om eit land før ein flytter dit, og kva tek ein vare på av tradisjonar frå gamlelandet, var nokre av spørsmåla vi ønska eit svar på, seier Åshild S.F. Thorsen, som er prosjektleiar for utstillinga.

## Personlege historier

Thorsen reiste i haust til New York og Minnesota, kor ho utførte eit feltarbeid.

– Der møtte eg menneske som anten har utvandra frå Vestlandet sjølv, eller som er andre og tredje-generasjons innvandrarar, fortel ho.

Utstillinga ser på korleis emigrantar frå Vestlandet har forma

## Skal enda opp på Sletta etter tre år

sin identitet i USA. Utstillinga, som er produsert av Vestnorsk utvandringssenter, tek fram dei personlege historiene frå utvandringa.

– Felles for dei alle er at dei har eit bevisst forhold til kva land dei kjem frå, sjølv om det er svært forskjellig kva dei fyller denne kulturelle identiteten med, fortel prosjektleiaren, som synest det var spanande og lærerrikt å intervjua norskamerikanarane.

## Skal vandra i tre år

«Between Coasts» er ei vandrestilling, som først skal stillast ut i sjømannskyrkja sitt eige kunstgalleri på Manhattan.

– 21. mars er offisiell opning, og vi gler oss veldig. Det vert spennande å sjå kor mange som kjem, seier Thorsen, som allereie er i New York for å førebu utstillinga.

Etter nokre veker i New York, skal utstillinga vidare til fleire museum i USA, for ho etter eit år kjem til Norge. Fleire museum i Norge er interessert i å stilla ut, noko Thorsen synest er kjekt.

–Det er er flott å sjå så stor



**SLIK VER T DET:** Åshild S.F. Thorsen er no i New York for å settja opp utstillinga på «Trygve Lie Gallery» på Manhattan, med offisiell opning 21.mars.

interesse, seier ho. Når utstillinga er ferdig med reisa i inn- og utland skal ho bli ein permanent installasjon på utvandringssenteret på Radøy.

– «Between Coasts» vil utan

tvil ha ein stor marknadsføringsverdi for utvandringssenteret, og gjera arbeidet vårt meir kjent, seier ho til Nh.

Ein nettversjon av utstillinga er òg på vei, der publikum kan

dela si eiga migrasjonshistorie.

– Eg oppmodar alle som har ein historie dei vil dela, om å senda den til oss via nettsida [www.muho.no/betweencoasts](http://www.muho.no/betweencoasts), seier ho.